



REFERAT FRÅ	Strategiforum				
MØTELEIAR	Oddmund Sylta				
REFERENT	Gudrun Einbu				
MØTEDATO	05.09.2013	TID	12-15	MØTESTAD	Wigandgården
REF. DATO	05.09.2103	ARKIVSAK		ARKIVNR	
DELTAKARAR	Roger Harkestad, Tide Buss Rune Sandøy, Tide Buss Ronny Paulsen, Tide Buss Sveinung Mo, Modalen/Eksingedalen Billag Philipp Engedal, Nobina Odd Erik Hovde, Nobina Lars J. Engelsen, Norled Idar Sylta, Nettbuss Vest Petter Kure Torgersen, Nettbuss Vest Trond Magne Målsnes, Fjord1Partner Svein Kleppe, Fosen Namsos Sjø Lars Andre Rødne, L. Rødne & Sønner Miriam S Haugsbø, Urbanet Analyse Bård Norheim, Urbanet Analyse Målfrid Vik Sønstabø, Skyss Odd Harald Dommersnes, Skyss Oddmund Sylta, Skyss Karl Inge Nygård, Skyss Bjarte Årvik, Skyss Gudrun Einbu, Skyss				
FRÅVÆR					
KOPI TIL					

Referat fra strategiforum 05.09.2013

1. Velkommen

Oddmund Sylta ønska velkommen og gav ei kort orientering om rammene for strategiforum. Dette er eit fast forum for gjensidig informasjons- og erfaringsutveksling, og drøfting av strategiske problemstillingar på leiarnivå. Skyss legg opp til halvårlege møte som er åpne for alle noverande og potensielle operatørar. Alle partar kan melde inn sakar, og referat frå møta blir lagt på skyss.no/rapportar.

2. Skyss sitt arbeid med insentivordningar

Karl Inge Nygård gjorde kort rede for arbeidet Skyss har sett i gang når det gjeld insentivordningar.



Bakgrunnen for arbeidet er nasjonale og regionale mål om tilnærma nullvekst i biltrafikken. All vekst i persontransport skal tas av dei miljøvennlege transportformene – sykkel, gange og kollektiv. Dette medfører ambisiøse mål for kollektivtransporten i åra framover, og Skyss/HFK arbeider med ein kollektivstrategi for å vise korleis vi kan nå desse måla.

Som ein del av kollektivstrategien har vi sett i gang eit arbeid med å vurdere insentivordningane. Målet er å utvikle avtalar med insentiv som gjer Skyss og operatørane til medspelarar og medansvarlege for å auke kollektivandelen. For å nå dei overordna målsettingane er vi avhengige av å spele på lag.

Skyss/HFK ønsker i dette arbeidet å gjere prinsipielle val:

- Kva slags insentivordningar ønsker vi på sikt, for ulike kontraktar og område?
- Kva slags prosessar og samhandlingsarenaer er det behov for for å hente gevinstar av insentivordningane?

Arbeidet er lagt opp som eit prosjekt med følgande hovudoppgåver:

- Evaluere dagens ordningar
- Kartlegge alternative ordningar
- Utarbeide anbefaling om framtidige insentivordningar

Innspel frå operatørane er sentralt i dette. Strategiforum er *eit* møtepunkt med operatørane, men vi vil også ta direkte kontakt med eit utval operatørar for å drøfte desse problemstillingane. Skyss har bistand frå Urbanet Analyse i dette arbeidet.

Ein sluttrapport frå Urbanet Analyse vil ligge klar i november. Denne vil gå inn i den samla kollektivstrategien, som etter planen skal ut på høyring vinteren 2014.

3. Presentasjon og drøfting av alternative insentivkontrakter

Bård Norheim frå Urbanet Analyse presenterte alternative insentivkontraktar, og analysar og eksempel knytt til dette. Spørsmål og drøfting undervegs. Sjå vedlagt presentasjon.

4. Neste møte

Neste strategiforum er planlagt i mars 2014. Meir informasjon vil kome på Doffin.